

Referat frå foreldremøte for 3. og 4. klasse

Torsdag 20. september kl.20.00 – 21.00

Sak 1. Informasjon frå helsesøster

Her gav helsesøster generell informasjon til tredje klasse foreldra om veging og måling av elevane. Ho viste plansjar over ulike vektnivå, og kva tiltak som var aktuelle i visse høve.

Sak 2. Skule og klassemiljø

I 3. og 4. klasse er det elleve greie elevar, men som har vanskar med å fungera i lag i ein del situasjonar. Så lenge ein har heilt klare arbeidsoppgåver går det stort sett greitt, men i meir frie aktivitetar der ein kjem tettare på kvarandre kan det røyna på. Her har ein del elevar ein jobb å gjera – ting ein må arbeida med. Ein må læra seg til å tolka at ikkje alt går sin veg. Ein må rett og slett øva på å kunna arbeida i lag utan å koma i krangelen med kvarandre. Å spela eit ballspel der ein vert tatt, kan f.eks. vera vanskeleg å akseptera. Det er og lett for å verta sint dersom nokon lær av ein når ein vert tatt, eller ein gjer noko som andre vel å kommentera.

For å takla desse utfordringane, prøver ein å ha ein så strukturert dag som mogeleg, samstundes som ein legg inn oppgåver/aktivitetar som skal øva ein opp til å verta meir tolerante overfor andre. Har her lagt inn nokre turar opp gjennom byggjefeltet for at dei skal få ta seg litt ut, eller at ein har sett av tid til å byggja med lego. Andre gongar arbeider ein i lag med faglege oppgåver. Målet her er at ein skal verta flinkare til å tolka kvarandre og flinkare til å oversjå bagatellar. Ein kan ikkje verta kjempesur fordi ein vert takla på fotballbana, eller at andre ikkje sentrar slik ein hadde tenkt. Eit mål her må vera å verta litt meir «robust», slik at ein toler å stå i stormen.

Sak 3.

Prøver å laga ein vekeplan som eg trur elevane skal makta. I engelsk, norsk og matematikk er det lekser kvar dag. Stundom har ein gjort matematikkleksa på skulen. Dei tek likevel boka med heim slik at de kan sjå at ting er gjort. Sidan lesing er så viktig i alle fag, ber eg om at de set av tid til å høyra etter at dei får øvd på den. Prøver å høyra dei i leseleksa kvar dag på skulen. I norsk følgjer ein

oppgåvene i Zeppelin og Tuba Luba. I arbeidsplantimane får ein tilleggsoppgåver både i norsk og matematikk. Her legg ein mellom anna inn øvingar i lykkjeskrift.

Sak 4.

Når det gjeld uteskule prøver me å variera på plassane me går til. Dette for å gjera elevane godt kjent i nærområdet vårt. Sidan me har basen vår på Hokle, og sidan me ofte har hatt dårleg ver, har dei fleste turane gått der. På uteskule har me som regel ei oppgåva som heng saman med ting me arbeider med på skulen. Me prøver og å gje rom for ting som dukkar opp undervegs og som fangar elevane sine interesser. Det å finna nötter var heilt topp.

For å få ei god oppleving på uteskule er det viktig at ein er godt kledd. Då tenkjer eg først og fremst på regnklede og støvlar. Det å ha ull under er også lurt. Det å kunna kle seg etter ver og føre er noko ein skal læra på uteskule.

Sak 5.

Ymse: På møtet med klassekontaktane kom det fram forslag på aktivitetar som ein kunne prøva på for å gje elevane gode opplevingar. Forslag som kom fram var å kontakta personar utifrå som f.eks. pensjonistar til å fortelja om ting dei visste noko om, eller dei kunne ta elevane med på kjøkkenet og laga noko der. Sidan me var så små elevgrupper, var det og lett å køyra til andre plassar dersom det var noko me ville sjå eller oppleva. Det var også forslag om å ha ei samling i nærområdet der foreldra hadde regien. Laurdag 29.9 på Nordanger grendahus vart bestemt som første samling.

Sak 6

Skule – heim samarbeid er noko me prøver å prioritera høgt. Dette for å understreka kor viktig det er, og for å seia kor avhengige me er av kvarandre for å lukkast. Me prøver å ha låg terskel for å ta kontakt med dykk som foreldre, og det håpar me at de og har i forhold til skulen. Snakka her om kva som kunne vera lurt dersom elevane ikkje oppførte seg slik ein ynskte: telefon heim eller å sitja på kanten i bassenget når det var nødvendig.

Skrivar – Oddvar Stang